

Treng hjelp med å finna lekkasjestaden

08.01.2013

Vassverket meiner no å ha funne staden der det lekk ut like mykje vatn som vert forbrukt i bygda - mellom 5 og 6 liter i sekundet. Men dei har ikkje lokalisert plassen heilt nøyaktig og treng hjelp frå abonnentane på den aktuelle strekningen.

- Og kvar er den aktuelle strekningen, vassverkleiar Hans Reidar Kjærland?- Den er på strekningen frå Eidsvik Skipsbyggeri til Leite- på hovudleidningen ovanfor fylkesvegen. Der er det mellom 15 og 20 abonnentar.

Vi har vore i kontakt med dei som er i kvar ende og det har ikkje merka noko unormalt. Difor må lekkasjen vera sentralt og vi ber dei som bur der om å sjekka grundig. Når dei finn noko, bør dei ringa 99 70 18 19

Av Ola Matti Mathisen